

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.12.2015

Vår ref.: 201200282-58

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for uttak av drikkevatt frå Bjerkreimsvassdraget i Bjerkreim og Gjesdal kommunar, Rogaland fylke

NVE har motteke søknad frå IVAR IKS om å få ta ut drikkevatt frå Bjerkreimsvassdraget i Bjerkreim og Gjesdal kommunar. Søknaden blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er 1. mars 2016. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

Søknaden inneheld konsekvensutgreiing (KU) og fagrapportar.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassressurslova § 8. Søknaden blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

IVAR IKS har også søkt om ekspropriasjonsløyve for nødvendig grunn og rettar dersom minnelege avtalar ikkje blir oppnådd, samt om førehandstiltreding som inneber at grunn og rettar kan tas i bruk før skjønn er halde.

Eit eksemplar av informasjonsbrosjyre som er utarbeidd for prosjektet er vedlagt. Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på internettsida til NVE: <https://www.nve.no/konsesjonsaker-og-hoeringer/>. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden kan dei kontakte IVAR v/Unni Synnøve Lea på e-post: unnis.lea@ivar.no eller tlf.: 52 97 95 26 / 47 50 95 26.

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på. Vi ber Fylkesmannen gjere ei konkret vurdering av om tiltaket treng konsesjon etter forureiningslova for driftsfasen.

Vi ber Bjerkreim og Gjesdal kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden med KU og fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn på kommunehusa fram til **01. mars 2016**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

I løpet av høyringsperioden, torsdag 21. januar 2016 kl. 19:30, vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Møtestad er «Kulturbanken» i Bjerkreim kommunehus i Vikeså. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknaden, og tiltakshavar vil gjere geie for konsekvensane av ei eventuell utbygging.

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett <https://www.nve.no/konsesjonssaker-og-hoeringer/>, til nve@nve.no eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **1. mars 2016**.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i vedtak frå NVE. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Brosjyre, kunngjering, info.ark om sakshandsaminga
3 papirkopiar til Bjerkreim kommune og Gjesdal kommune

Mottakerliste:

Aslaug Undheim
Bjerkreim Elveeierlag SA
Bjerkreim Jeger- og fiskeforening
Bjerkreim kommune
Dalane Eiendomsselskap AS
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Friluftslivets Fellesorganisasjon
Fylkesmannen i Rogaland
Gjesdal kommune
Gunnhild Fuglestad
Gunnhild Vassbø
Ivar Are Veen
John Magnus Espeland
Mattilsynet Region Sør og Vest
Miljødirektoratet
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Bondelag
Norges geologiske undersøkelse
Norges geotekniske institutt - NGI
Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland
Norsk institutt for by- og regionforskning
Norsk Ornitologisk Forening Rogaland



Norske Lakseelver
Ola Birkeland
Olje- og energidepartementet
Rogaland Bondelag
Rogaland fylkeskommune
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Statens Vegvesen - region vest
Stavanger maritime museum
Stavanger Turistforening Hovedkontor
Øyvind Espeland

Kopi til:

IVAR IKS